

Hovedapell ved Vevring og Førdefjorden miljøgruppe, Thingnes Førsund Markering REDD FØRDEFJORDEN, Eidsvollsplass v Stortinget 26.mai 2015

Den 17. april vart ein svart dag i norsk historie; H/ Frp- regjeringa ga løyve til mineralutvinning med utslepp av kolossale 250 mill tonn finknust gruveslam, tungmetall og nanopartiklar, 10 tonn kvart minutt dag og natt i 50 år i Førdefjorden!

Nokre få prosent av eit heilt fjell vert utvunne, resten vert dumpa rett i fjorden. Heile massen er mindre enn 0.3 mm, borti halvparten av massen er frå 0.01-0.1 mm, 2000 tonn årleg er særleg miljøfarlege nanopartiklar. Avfallsmassen er fint svevestøv og slam med stor risiko for spreiding med straumane og med fare for å kvele livet i Førdefjorden.

Førdefjorden ligg midt i indrefiletten av det verdskjende området Fjords of Western Norway, midt mellom verdsarvfjordane Nærøyfjorden og Geirangerfjorden.

Førdefjorden er ein uslepen juvel, rein og så godt som urørt i eit spektakulært fjordlandskap, mellom bylgje og bre, mellom grøne bøar og høge kvite toppar.

Førdefjorden er ein viktig gytefjord for torsk, sild, kveite blant anna, ein viktig sjømatfjord og ein viktig nasjonal laksefjord med 3 lakseførande vassdrag der Nausta også er verna laksevasdrag.

Det er fleire raudlista og verna artar i Førdefjorden, fiskerikt er det heile året, havørn og hegre hekkar der, oteren lever gode dagar, niseflokkane også. Om vintrane kjem også dei majestetiske spekkhoggarane inn med kalvane sine, dei jagar sildestimar opp med sporen og held fest i den rike fjorden.

Det såkalla deponiområdet i Førdefjorden må vere verdens vakraste og mest fiskerike planlagt utsleppspunkt for gruveavfall. Det er midt i beste torskegytefelt i Sogn og Fjordane, 3. beste på heile Vestlandet.

Der er rekefelt, sjøkrepsfelt, rikt med brosme, lange, blålange, pigghå, uer, skater, flyndre, steinbit, lyr, hyse, hummar, krabbe, blåskjell, kamskjell, korallar også.

Vevringfolket si merkevare er Fjordfiskarens festbord - fiska og fangsta rett frå Førdefjorden - sjå her, ein liten smak av Førdefjorden kan de komme og få etter programmet er ferdig.

Staten sine eigne faginstansar; Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet og Miljødirektoratet frårådde utsleppet, grunna risiko for spreiding av gigantmassen med omfattande skade på livet i fjorden. Protestane var heftige frå sjømat- og reiselivsnæringane, Norges Fiskarlag, Sjømat Norge, Norske Lakseelver, Virke og NHO Reiseliv. 60 selskap i Førdefjordområdet som produserar for 17 mrd i sjømat og reiseliv frykta for sine etablerte næringar og arbeidsplassar og bad regjeringa seie nei til utsleppet.

Norske miljøorganisasjonar har i årevis vore på barrikadane og 32 internasjonale miljøorganisasjonar med millionar av medlemmer i ryggen verda over bad regjeringa innstendig avvise utsleppet. Leiarartiklane i Vestlandsavisene frårådde, Meiningsmålingar viste at folkefleirtal går imot utsleppet i Førdefjorden - kun 7 % seier ja til sjødeponi i Førdefjorden viste meiningsmåling i haust og tilsvarande for 2 år sidan.

På tvers av alt dette, på tvers sunn fornuft - sa regjeringa sa ja til gigantutslepp av miljøfarleg gruveslam i ein av dei reinaste, framleis fiskerike fjordane på Vestlandet!

På ein augneblink var saka heitt stoff i ikkje berre nasjonale, men også internasjonale media - ja, verda let seg forbløffe av at ein av dei fremste sjømat og reiselivsnasjonar i verda vil sleppe gruveavfall i fjordane.

Førdefjorden vart gjeven vekk for nasa på over 30.000 menneske i 4 kommunar rundt Førdefjorden og eit blomstrand næringsliv. Mottakaren av dette veldige subsidiet av gruverdrift Førdefjorden som gratis søppelplass er, er eit selskap med 3 tilsette her i Oslo, med null i driftsinntekt, med to dotterselskap med null tilsette og null i drift.

Dette 3-mannsselskapet utan kompetanse på gruvedrift og utan kapital, har fått løyve til uttvinning av pigmentetpulveret Titandioksid i Engebøfjellet - eit bleikemiddel brukt som matsminke og ymse industriformål.

Det er ikkje eit tvingane nødvendig samfunnsbehov for Norge å hente ut meir av dette pigmentstoffet. Det er heller ikkje all marknadsetterspurnad som bør dekkast. men når det er sagt: Norge leverer allereie 7-8 % av den totale verdsproduksjonen av Titandioksid, frå Titania som har ein langt rikare forekomst enn på Engebø ved Førdefjorden.

Det vert argumentert med at titandioksidet kan omdannast til Titan-metall. Vel, Kun 4% av Titandioksidet i verda går til produksjon av titanmetall. Det tyder ikkje på mangel på titandioksid i verda når ein er villig til å sløse vekk titankomponentar til produksjon for strengt tatt unødvendig forbruksindustri.

Frå Titania vart det dumpa i Jøssingfjord og på Dyngadjupet, men massen låg ikkje i ro slik dokumenta hevda den skulle, den spreidde seg med straumane i fjorden - og derfor vart gruveavfallet lagt i landdeponi der frå 1994.

I Bøkfjord hadde massen allereie etter eit par år spreidd seg og slamma ned fjorden 7-8 km utover.

Vi har erfaring i Norge med at dumping av gruveavfall i fjordar går dårleg.

Når regjeringa seier det er stilt dei strengaste miljøkrav til utsleppsløyve i Førdefjorden, er dette paradoksal bruk av ord. Det viktige, verksame miljøkravet er IKKJE stilt: at all mase må handterast på land og minimerast gjennom bruk og tilbakefylling av restmasse i gruva.

Regjeringa gjorde stikk motsatt, og sprengde norsk miljøstandard tilbake til forrige århundre - noko som ikkje minst også kan legge press på hardt opparbeida internasjonal miljøstandard, det vil særleg ramme fattige land og folk.

Protestar frå kunnskapsinstansane, frå folk og etablerte fornybare næringar er ignorert til fordel for 170 tidsavgrensa arbeidsplassar i gruvedrift. Tine Sundtoft gøymer seg bak miljødirektoratet som vart bedne av nettopp henne om å gjere NY vurdering etter først å ha frårådd - og no kom Miljødirektoratet opp med mantaret "Samfunnsnyttan er større enn miljøulempene". I det reknestykket er det IKKJE teke rekna inn at Sogn og Fjordane har lågaste arbeidsløyse i landet og at 60 selskap som altså produserer for 17 mrd fryktar for sine næringar og arbeidsplassar som fylgje av risiko for miljøskadar og omdømetap grunna utsleppet av gruveavfall.

Dette er eit reknestykket som ført kan ende med minus både lokalt og nasjonalt.

Nye Ideer, bedre løysningar lova Erna Solberg og fekk folket sin tillit. Kunnskapbserte beslutningar høyrde vi også om - i valkampen.

Vedtaket om Førdefjorden viser at regjeringa tek i bruk forelda idear og dårlege løysningar, og kunnskapsinstansane er ikkje lytta til.

Det er berre 5 land att i verda som framleis dumpar gruveavfall i sjø - regjeringsvedtaket om Førdefjorden gjer Norge til verdens miljøsinke - til einaste land i verda som opnar for NYE utslepp av gruveavfall i sjø! Dette kan også torpedere hardt opparbeidd internasjonal miljøstandard og ramme særleg fattige land og folk.

Regjeringa har ved dette vedtaket brote lovnaden - kontrakten med folket.

Det MÅ få ein konsekvens.

No skal Stortinget behandle forslag om å ta Førdefjordsaka opp i Stortinget, Innstillingar vert avgjevne i overmorgon.

Då vil partia vise kven vi kan stemme på, til valet i 2015 og i 2017; Hugs det:

Ikkje ei stemme til parti og til politikarar som stemmer Førdefjorden, fjordane våre ut!

Erna Solberg avblåser omkamp om Førdefjorden las vi i Bergens Tidende før helga. Erna Solberg har blåse i mykje i denne saka, men å avblåse omkampen med folket - det har ho ikkje mandat til.

Regjeringa har blåst i gong ein kamp, eit sjøslag om Førdefjorden- om fjordane våre - som vil gje gjenlyd utover verda - Dette regjeringsvedtaket skal aldri verte gjennomført. Vi skal kjempe for busetjings- og næringsgrunnlaget, Førdefjorden - fjordane - vårt evig, sjølvfornyande matfat - viss rett forvalta!

LA FØRDEFJORDEN LEVE!

LA FØRDEFJORDEN LEVE!

LA FØRDEFJORDEN LEVE!

Tusen takk alle - Førdefjorden får dei ALDRI!

Anne-Line Thingnes Førsund, Vevring og Førdefjordne Miljøgruppe, også medl Gruveutvalet i Naturvernforbundet.